

# REFERAT - april

## **Styremøte i Silda Velforening (SiVe) 30/4-2018**

På silda Grendahus

Tid: Kl.16.30

Tilstades: Tore Johansen, Unni Silden Hennøen, Paul Sundnes, Gerda Silden Totland, Leif Magne Wiik

Varemedlem: ingen

### **Sak 10/ 18 Konstituering**

**Vedtak:** Tore Johansen – formann, Unni Silden Hennøen – kasserar og Paul Sundnes vart gjenvalde.

### **Sak 11/18 Båtrute på helgedagar**

Øyglimt v/ Idar Silden hadde send fleire meldingar til SiVe med informasjon om systemet for ruteavtalen. Dette forklarte korleis tilbodet på båttransporten til øyane i S&Fj fylkeskommune har vorte for den gjeldande perioden.

Det viser seg at Årsmøtet i SiVe hadde for dårleg grunnlag for vedtaket som var gjort.

1. Fjord1 vann tilbodsrunder for båtruten i fylket.
2. Fjord1 fekk avtale med Florø skyssbåt som skulle ta oppgåva med transporten
3. Florø skyssbåt gav oppgåva med transport frå Måløy til øyane til Øyglimt
4. Øyglimt har hatt morgonruta «på annrop» – ruta går berre om der er transportbehov.
5. Øyglimt har til Silda gått ekstraturar (innsparer morgonturar) på helgedagar ved transport-behov. At dette ikkje skjedde 2. påskedag får vi vite er fordi morgonruta til Silda har gått kvar dag i 2018
6. SiVe har sendt sin resolusjon på feil grunnlag – manglande fakta-kunnskap.

**Vedtak:** Silda Velforening sender melding til S&Fj fylkeskommune og Øyglimt, der vi beklagar at vi på generalforsamlinga gjorde vedtak med klare faktafeil  
Vi er, og har vore, svært nøgde med Øyglimt si drift av sambandet Måløy-Silda.  
Silda Velforening og meiner det er heilt unødvending å gå morgonruter når ingen treng den, dette er miljøsøling. Vi støtter Øyglimt sin tradisjon med å gå søndagsrute på variable helge- og fridagar.

### **Sak 12/18. Arrangement på Silda St. Hans 2018**

Gerda gjorde framlegg om at SiVe må støtte planlagd St Hans-feiring. Det er planar om å markere trefellinga med eit Jonsokbål av sidkagranbar. Skjerbuda vil ha ope og servere graut. Gerda vil vite om SiVe kan støtte arrangementet.

**Vedtak:** Gerda får fullmakt til å finne samarbeidspartar til arrangement, i samarbeid med Skjerbuda.  
Gerda kan disponere inntil 1000 kr til premiering av evt barne arrangement på St Hans.

### **Sak 13/18 Arrangement i fellesferien**

Tradisjonelt har det vore ein større felles dugnad, eit baren-rebusløp og felles grillfest på skuleplassen i fellesferien. Frammøtet til rebusløpet var i 2015 og 2016 dårleg opplyste Paul. Neste styremøte vert i juli då må dugnad og grillsamling drøftast.

**Vedtak:** a. Felles grillsamling på skuleplassen vert arrangert på kort varsel, når veret ser lovande ut.  
b. Det må gjennomførast ein dugnad på stiane og gjere ferdig rydding av stien til Djupevågen. Leif Magne tek oppgåve med, gjennom FB, å få sette igang innsamling av kapp, til klopper i dei våtaste områda. Han skaffar nødvendig utstyr, SiVe betaler.  
c. Nødvendig utstyr til vedlikehald, av fellesareal på Silda, kan skaffast og oppbevarast i inste rommet i «kontaineren» på kaia.

### **Sak 14/18 Turkartsaka - Informasjonplate**

Paul orienterte om kva som har skjedd i saka og kontakt med Filip Kujawski i Vågsøy kommune våren 2016 og 2017 med kontakt på e-post og telefon. Turkart og kartplate trengst for å fullføre tursti-

prosjektet, med utbetaling av sluttiskot frå Gjensidegestiftinga (GS)

**Vedtak:** Paul tek kontakt med Odd Gunnar Myre og Janne Midtbø Vågsøy kommune forn å prøve å få fart i saka.  
Kartplate kan bestillast om kostnaden er mindre enn sluttiskotet frå GS, men først etter e- postgodkjenning i styret.

**Sak 15/18 Brannsløkkingsutstyr på Silda.**

Leif Magne stiller spørsmål om kva som finst av brannsløkkingsutstyr på Silda. Kan det vere ein tanke å få på plass ein del utstyr, ATV med vogn, punpe og slangar.??

**Vedtak:** Leif Magne undersøker litt omkring dette spørsmålet til neste styremøte.

**Sak 16/18 Blom fiskeoppdrett**

Gjennom postlista til Vågsøy kommune har det blitt kjendt at ordførar Kristin Maurstad saman med Øyvind Blom reiste til Oslo 26. april, for å få Kommunal- og moderniseringsdepartementet til å omstøyte vedtaket til Fylkesmannen, på bakgrunn med påstått feil sakshandsaming.

På årsmøtet i påska vart Sindre Langlo og Rolf Frøysa valde til å følg med på denne saka og reguleringsarbeidet i sjøområda ved Silda.

Vi kontakta Sindre, pr. telefon, som opplyste at dei har vore i kontakt med dep. Det er ikkje gjort vedtak etter møtet og informasjon frå møtet er B-stempla, som arbeidsdokument. Det kan ikkje gjerast noko meir i denne saka før dep. har gjort sitt vedtak.

**Vedtak:** Styret avventar kva som vert vedtaket i departementet.

Paul Sundnes sekretær